

Møteprotokoll

Utval:	Samferdselsutvalet
Møtestad:	Finnøy Havstuer (2-dagers møte med synfaring)
Dato:	11.05.2026 - 12.05.2026
Tid:	kl 16:00 - 19:45

Faste medlemer som møtte:

Hans Olav Myklebust
Torgeir Dahl
Gro Anita Loen Sve
Lene Vadseth Larsgård
Pål Farstad
Geir Ove Leite
Anders Lindbeck
Lisa Alvestad
Nils Olav Moen
Bjarne Kvalsvik

Funksjon

Leiar
Nestleiar
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem

Representerer

FRP
H
FRP
H
V
AP
SV
SP
INP
KDL

Forfall

Hanne Notøy
Carl-Henrik Myrseth
Moltumyr
Randi Walderhaug Frisvoll

Representerer

AP
H

KRF

Varamedlem

Jack Narve Sæther
Anne Sølvi Vatne

Inge Aukan

Representerer

AP
H

KRF

Frå sekretariatet:

Kari Rundmo
rådgivar

Utvalet reiste på synfaring til 11.-12. mai 2026 - Haram, Ålesund, Aukra, Hustadvika og Molde.

Samferdselsutvalet sitt møte tok til 11. mai 2026 kl. 16.05 på Finnøy Havstuer, under leiing av Hans Olav Myklebust.

Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:	
Jesper Wiig	samferdselsdirektør
Magne Vinje	ass. samferdselsdirektør
Stig Helle-Tautra	avdelingssjef FRAM
Ole Jan Tønnesen	fylkesvegsjef
Lage Lyche	rådgivar
Torbjørn Vatnehol	seksjonsleiar vegprosjekt.

Møtet blei sett med 13 medlemer.

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

Til saklista:

Hans Olav Myklebust FRP) ber om at to saker blir sett på saklista:

- reduserte bomsatsar på Nordøyvegen
Saka blei samrøystes sett på saklista som sak PS 33//26
- billettprisar for buss på strekninga Ålesund-Volda
Saka blei samrøystes sett på saklista som sak PS 34/26

Saklista med endringar blei godkjent.

Orienteringar:

- Billettprisar på bussreiser i Møre og Romsdal v/Stig Helle-Tautra, avdelingssjef FRAM
- Arbeid med fylkesvegprosjekt v/Torbjørn Vatnehol, seksjonsleiar vegprosjekt.

Saksliste

Saksnr	Sakstittel
SPU-	Spørsmål
RS-09/26	Referat frå møte i Samarbeidsforum for samferdsel Midt-Norge 17.03.2026
RS-10/26	Høyringssak - framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune
RS-11/26	Driftsstatus ferje og hurtigbåt 2025
RS-12/26	Status på høyring om rutereduksjon på buss i ny kontrakt i rutepakke 7
RS-13/26	Svar på henvendelse om situasjonen på dagens vegtrase E39 Volda–Furene
PS-24/26	Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring
PS-25/26	Statusorientering vegprosjekt per mars 2026
PS-26/26	Vedlikehaldsetterslepet - utfordringar og tiltak
PS-27/26	Overføring av skiltmyndigheit
PS-28/26	Finnøybrua - bruk av eksisterande bru som gang- og sykkelveg
PS-29/26	Fv. 60 Tomasgard-Røyarhus - forslag til reguleringsplan for del 2 og 3, Raftevollen til Røyarhus
PS-30/26	Konkurranseutsetting ferjetenester Brattvåg-Dryna
PS-31/26	Konkurranseutsetting ferjetenester Utasundsruta
PS-32/26	Høyring - Forskrift om farvassavgift etter Hamne- og farvasslova - Sande kommune
PS-33/26	Reduserte bomsatsar på Nordøyvegen
PS-34/26	Billettprisar for buss på strekninga Ålesund-Volda
GP-	Godkjenning av protokoll

Møtet vart heva kl. 19:45

SPU Spørsmål

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Nils Olav Moen (INP) - Har vi regler som ivaretar busspassasjerer i distriktene?

Samferdselsdirektør Jesper Wiig svarte på spørsmålet.

Inge Aukan (KRF) - gangveg Thunem/Fiskå

Fylkesvegsjef Ole Jan Tønnesen svarte på spørsmålet.

Lisa Alvestad (SP) - bompenger Nordøyvegen

Leiar Hans Olav Myklebust svarte på spørsmålet.

Behandling

Har vi regler som ivaretar busspassasjerer i distriktene?, foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet

På en ruteplanlegger står det. Vær oppmerksom på kort byttetid. Kan ikke garantere korrespondanse. Korleis kan en bruke kollektiv transport om en ikke er garantert videre korrespondanse? Er det ikke busselskapet som skal ordne alternativ transport ved forsinkelser?

Kor får passasjerene viktig informasjon fra om bussen en kald vinterdag ikke kommer, og det er etter arbeidstid? Kan KI hjelpe passasjerer som venter i et kaldt busskur med viktig informasjon 24/7?

Det er i tidligere møter etterlyst saker som ikke er forenelig med et godt kollektivtilbud i Møre og Romsdal. Som dei kalde forblåste buss skurene det er på dei fleste hoved busstoppene, som på Garnes uten varme og WC tilgjengelig.

Og vi har til nå sett lite til forbedringer for passasjerene som skal bruke kollektivtransport, eller at saker som er tatt opp tidligere kommer opp til politisk behandling. Og spesielt utafor byene i fylket er ikke tilbudet tilfredsstillende slik det er pr i dag.

For det er ikke bare lavest mulig billettpriser og månedskort som betyr noe for å bruke mer kollektivtransport. Men så lenge interessen politisk ikke er der for å sjå på andre og bedre løysinger, som betyr ennå mer en lavest mulig pris. Ja så er bilen videre et langt bedre tilbud for reisende en å bruke kollektiv transport.

Gangveg Thunem/Fiskå, foreslått av Inge Aukan, Kristelig Folkeparti

Kan vi få informasjon om statusen rundt gangveien Thunem/Fiskå? Den har stått på prioritert liste i mange år, men har stadig blitt skjøvet fremover i tid.

**RS 09/26 Referat frå møte i Samarbeidsforum for samferdsel Midt-Norge
17.03.2026**

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet tok referatsaka til orientering.

RS 10/26 Høyringssak - framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet tok referatsaka til orientering.

RS 11/26 Driftsstatus ferje og hurtigbåt 2025

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet tok referatsaka til orientering.

RS 12/26 Status på høyring om rutereduksjon på buss i ny kontrakt i rutepakke 7

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet tok referatsaka til orientering.

RS 13/26 Svar på henvendelse om situasjonen på dagens vegtrase E39 Volda–Furene

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet tok referatsaka til orientering.

PS 24/26 Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Tilråding:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

PS 25/26 Statusorientering vegprosjekt per mars 2026

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet tek saka til orientering og ber fylkeskommunedirektøren arbeide vidare med vegprosjekta i samsvar med skissert framdrift i saksgrunnlag med vedlegg.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Samferdselsutvalet tek saka til orientering og ber fylkeskommunedirektøren arbeide vidare med vegprosjekta i samsvar med skissert framdrift i saksgrunnlag med vedlegg.

PS 26/26 Vedlikehaldsetterslepet - utfordringar og tiltak

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

1. Samferdselsutvalet tar orienteringa om status for vedlikehaldsetterslep (forfall) på fylkesvegnettet og konsekvensar for trafikkssikkerheit og framkome til vitande.
2. Samferdselsutvalet ber om at det blir lagt fram eit forslag til vegfornyingsprogram for fylkesvegnettet i Møre og Romsdal, i samsvar med konseptet «På god veg» skissert i saksframlegget.

Samferdselsutvalet ber om at saka også vert lagt fram for fylkestinget i oktober 2026.

Behandling

Tilleggsforslag, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Samferdselsutvalet ber om at saka også vert lagt fram for fylkestinget i oktober 2026.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Tilleggsforslag**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: AP, FRP, H, INP, KRF, KDL, SP, SV, V

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Samferdselsutvalet tar orienteringa om status for vedlikehaldsetterslep (forfall) på fylkesvegnettet og konsekvensar for trafikksikkerheit og framkome til vitande.
2. Samferdselsutvalet ber om at det blir lagt fram eit forslag til vegfornyingsprogram for fylkesvegnettet i Møre og Romsdal, i samsvar med konseptet «På god veg» skissert i saksframlegget.

PS 27/26 Overføring av skiltmyndigheit

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Tilråding:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir følgjande uttale til forslaget om overføring av skiltmyndigheit frå Statens vegvesen til fylkeskommunane:

Samsvar mellom ansvar og myndigheit er eit grunnleggande forvaltningsprinsipp, og fylkeskommunane har allereie nødvendig fagkompetanse og vegeigaransvar. Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler derfor at skiltmyndigheita for permanente skilt blir overført i tråd med anbefalingane frå Statens vegvesen, men med dei justeringane som går fram av vedlegg 1.

Obligatorisk uttale frå Statens vegvesen i alle saker gir unødig byråkrati og bør avgrensast.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det verken er fagleg eller administrativt grunnlag for å skilje mellom ansvar for permanent og midlertidig skilting på same vegnettet. Fylkeskommunen legg derfor til grunn at det blir arbeidd vidare med å overføre myndigheita også for midlertidig skilting.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune gir følgjande uttale til forslaget om overføring av skiltmyndigheit frå Statens vegvesen til fylkeskommunane:

Samsvar mellom ansvar og myndigheit er eit grunnleggande forvaltningsprinsipp, og fylkeskommunane har allereie nødvendig fagkompetanse og vegeigaransvar. Møre og Romsdal fylkeskommune anbefaler derfor at skiltmyndigheita for permanente skilt blir overført i tråd med anbefalingane frå Statens vegvesen, men med dei justeringane som går fram av vedlegg 1.

Obligatorisk uttale frå Statens vegvesen i alle saker gir unødig byråkrati og bør avgrensast.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det verken er fagleg eller administrativt grunnlag for å skilje mellom ansvar for permanent og midlertidig skilting på same vegnettet. Fylkeskommunen legg derfor til grunn at det blir arbeidd vidare med å overføre myndigheita også for midlertidig skilting.

PS 28/26 Finnøybrua - bruk av eksisterande bru som gang- og sykkelveg

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet vedtek å gå vidare med planlagt løysing med bygging av ny bru med fortau og å rive den gamle brua.

Behandling

Alternativ, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Samferdselsutvalet ber om ny sak, som i større grad er tilpassa fylkestinget si budsjettramme. For å redusere kostnadane kan ein til dømes redusere høgda på ny bru ned til eksisterande bru, samt vurdere på nytt gjenbruk av eksisterande bru for mjuke trafikantar, der ny bru er vurdert plassert inntil gamal bru. Gamal bru kan også fungere som vern mot sjø i dårleg vær for trafikantane.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 11 stemmer (85%) - AP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

EF - Alternativ: 2 stemmer (15%) - FRP 2

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: FRP

Stemmer:

Hans Olav Myklebust (FRP)

Gro Anita Loen Sve (FRP)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Samferdselsutvalet vedtek å gå vidare med planlagt løysing med bygging av ny bru med fortau og å rive den gamle brua.

PS 29/26 Fv. 60 Tomasgard-Røyarhus - forslag til reguleringsplan for del 2 og 3, Raftevollen til Røyarhus

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet vedtek å sende planforslaga for ny fv. 60 Raftevollen i Volda kommune til Røyarhus i Stranda kommune til kommunane for saksbehandling etter plan- og bygningslova.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Samferdselsutvalet vedtek å sende planforslaga for ny fv. 60 Raftevollen i Volda kommune til Røyarhus i Stranda kommune til kommunane for saksbehandling etter plan- og bygningslova.

PS 30/26 Konkurransetsetting ferjetenester Brattvåg-Dryna

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Tilråding:

Fylkestinget vedtek konkurransetsetting av ferjedrift i sambandet Brattvåg-Dryna slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Behandling

Alderskrav på hoved ferjer fra år 2000 til 2026, foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet

Fra år 2000 til 2026 er 26 år. Blir det ikke sett krav til nyere ferjer for hvert nytt ferje anbud, så kommer det mer driftsstans på flere av ferjesambandene i fylket. Og spesielt på mindre ferje samband som Brattvåg - Dryna.

Og når det gjelder av og om bord kjøring er det langt bedre på nyere ferjer, en det er på dei fleste ferjer bygget på 80 og 90 tallet. Dette gjelder og i mange tilfeller og bedre universell utforming på ferjer bygget ut på 2000 tallet. Derfor foreslår INP inn nyere ferje på alle ferjesamband i fylket som skal utlyses fremover.

Blir krav til alder på hoved ferjer satt fra år 2000 - 2026. Reserve ferjer må ha tilsvarende bil kapasitet som hoved ferjene, i alle fremtidige utlysinger. Dette for hele tiden øke opp kvaliteten i ferje flåten i Møre og Romsdal, og for å unngå mest mulig driftsstans og forsinkelser for reisende og næringslivet. Gjelder utlysing i dette ferje sambandet Brattvåg - Dryna.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (92%) - AP 2, FRP 2, H 3, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 1 stemme (8%) - INP 1

Stemmer:

Nils Olav Moen (INP)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Alderskrav på hoved ferjer fra år 2000 til 2026**

Nils Olav Moen (INP)

For: 2 stemmer (15%) - INP 1, KDL 1

Stemmer:

Nils Olav Moen (INP)

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Mot: 11 stemmer (85%) - AP 2, FRP 2, H 3, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Brattvåg-Dryna slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt.

Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

PS 31/26 Konkurranseutsetting ferjetenester Utasundsruta

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Tilråding:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt.

Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

PS 32/26 Høyring - Forskrift om farvassavgift etter Hamne- og farvasslova - Sande kommune

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Tilråding:

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at ferjene blir fritatt for farvassavgift i Sande kommune sitt sjøområde dersom kommunen vel å innføre ei ordning med kommunal farvassavgift.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at ferjene blir fritatt for farvassavgift i Sande kommune sitt sjøområde dersom kommunen vel å innføre ei ordning med kommunal farvassavgift.

PS 33/26 Reduserte bomsatsar på Nordøyvegen

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren undersøke med Vegamot kor mykje bomsatsane går ned dersom ein skyt inn 50, 100, eller 150 millionar i Nordøyvegen.

Vi ber om ei sak med grunnlag for å kunne vurdere politisk å sette ned bompengebelastninga for Nordøyvegen. Då også kva som er rett saksgang opp mot Stortinget for å eventuelt endre bompengeproposjonen. Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren gi oss eit oversiktsbilete av økonomien i Nordøyvegprosjektet og status per no for dei økonomiske forpliktelsane. Vi vil også ha oppdatert tal på passeringar og kva konsekvensar å sette ned taket til ulike nivå på passeringar kan ha. Eventuelt vurdere andre tiltak som endra nedbetalingstid eller timesregel og konsekvensane av det. Om det elles er tiltak vi bør vurdere ber vi om at vi får opplyst det.

Behandling

Reduserte bomsatsar på Nordøyvegen, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren undersøke med Vegamot kor mykje bomsatsane går ned dersom ein skyt inn 50, 100, eller 150 millionar i Nordøyvegen.

Tilleggsframlegg, foreslått av Lisa Alvestad, Senterpartiet

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren gi oss eit godt saksgrunnlag som gir oss eit godt oversiktsbilete av økonomien i Nordøyvegprosjektet og status per no for dei økonomiske forpliktelsane. Vi vil også ha oppdatert tal på passeringar og kva konsekvensar å sette ned taket på passeringar kan ha, både til 20, men også andre nivå. Eventuelt vurdere tiltak som timesregel og konsekvensane av det. Vi ber om ei sak med utgreiing om kva som er ein mogleg vidare prosess for å vurdere politisk om vi kan få ned bompengebelastninga for Nordøyvegen.

Forslaget blei trekt før votering.

Forslag om sak angående bompengar Nordøyvegen, foreslått av Lisa Alvestad, Senterpartiet

Vi ber om ei sak med utgreiing om kva som er ein mogleg vidare prosess for å vurdere politisk om vi kan få ned bompengebelastninga for Nordøyvegen. Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren gi oss eit godt saksgrunnlag for å gi eit oversiktsbilete av økonomien i Nordøyvegprosjektet og status per no for dei økonomiske forpliktelsane. Vi vil også ha oppdatert tal på passeringar og kva konsekvensar å sette ned taket på passeringar kan ha, både til 20, men også andre nivå. Eventuelt vurdere tiltak som timesregel og konsekvensane av det. Om det elles er tiltak vi bør vurdere, ber vi om at vi får opplyst det.

Forslaget blei trekt før votering.

Sak om nedsetting av bompengar på Nordøyvegen, foreslått av Lisa Alvestad, Senterpartiet

Vi ber om ei sak med grunnlag for å kunne vurdere politisk å sette ned bompengebelastninga for Nordøyvegen. Då også kva som er rett saksgang opp mot Stortinget for å eventuelt endre bompengeproposjonen. Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren gi oss eit oversiktsbilete av økonomien i Nordøyvegprosjektet og status per no for dei økonomiske forpliktelsane. Vi vil også ha oppdatert tal på passeringar og kva konsekvensar å sette ned taket til ulike nivå på passeringar kan ha. Eventuelt vurdere andre tiltak som endra nedbetalingstid eller timesregel og konsekvensane av det. Om det elles er tiltak vi bør vurdere ber vi om at vi får opplyst det.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Reduserte bomsatsar på Nordøyvegen**

Hans Olav Myklebust (FRP)

For: 7 stemmer (54%) - AP 2, FRP 2, KRF 1, SP 1, V 1

Mot: 6 stemmer (46%) - H 3, INP 1, KDL 1, SV 1

Stemmer:

Torgeir Dahl (H)

Anders Lindbeck (SV)

Nils Olav Moen (INP)

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Lene Vadseth Larsgård (H)

Anne Sølvi Vatne (H)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Sak om nedsetting av bompengar på Nordøyvegen**

Lisa Alvestad (SP)

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

PS 34/26 Billettprisar for buss på strekninga Ålesund-Volda

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak:

Samferdselsutvalet syner til at engasjement frå brukarane og skriv frå Ørsta kommune om ulike prising på strekninga Ålesund-Volda. Lik pris på alle avgangar på same strekning er viktig for at busstilboda skal vere føreseielege. Ulike prisar på same tilbod vert opplevd uheldig frå brukar si side og kan vere avvisande. Utvalet er oppteken av at det skal vere same pris for det same tilbodet. Utvalet syner elles til prising og sonestruktur vedteke av fylkestinget.

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren legge fram opplysningar om korleis ein kan sikre lik pris innanfor dagens budsjettramme. Til dømes ved harmonisering av billettprisar. Samt andre måtar ein kan løyse dette på.

Utvalet ber også fylkeskommunedirektøren å undersøke om der er andre tilsvarande strekningar der brukarane betalar forskjellig pris på same strekning.

Behandling

Bussprisar Ålesund - Volda, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Samferdselsutvalet syner til at engasjement frå brukarane og skriv frå Ørsta kommune om ulike prising på strekninga Ålesund-Volda. Lik pris på alle avgangar på same strekning er viktig for at busstilboda skal vere føreseielege. Ulike prisar på same tilbod vert opplevd uheldig frå brukar si side og kan vere avvisande. Utvalet er oppteken av at det skal vere same pris for det same tilbodet. Utvalet syner elles til prising og sonestruktur vedteke av fylkestinget.

Samferdselsutvalet ber fylkeskommunedirektøren legge fram opplysningar om korleis ein kan sikre lik pris innanfor dagens budsjettramme. Til dømes ved harmonisering av billettprisar. Samt andre måtar ein kan løyse dette på.

Utvalet ber også fylkeskommunedirektøren å undersøke om der er andre tilsvarande strekningar der brukarane betalar forskjellig pris på same strekning.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: NF - Bussprisar Ålesund - Volda

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: AP, FRP, H, INP, KRF, KDL, SP, SV, V

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 3, INP 1, KDL 1, KRF 1, SP 1, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

GP Godkjenning av protokoll

Samferdselsutvalet 11.05.2026

Vedtak

Utvalet gikk

gjennom protokollen som vart samrøystes godkjend i møtet.